Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68 Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Etne

Emne: Bålbrenning på visse dagar Bygdelag:

Oppskr. av: Trygve Vinje Gard:

(adresse): Frette G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Her heiter det bål
2. Bål er eit heilt vanleg bål i motsetnad til jonsokbål
8. Eg har berre høyrt om jonsokbål
9. I eldre tider brende dei stølseld første dagen krøtera låg ute
11. Jonsokbålet vart tent på afta.
12. Bålet vart tent før midnatt - men det var visst ikkje noko viss tid for tenninga
13. Bålet brann ei tid utover natta til ikring 3-4 tida.
14. Det er samt visse bålplassar i grendene. på haugar. berg eller store steinar. Gamle bålplassar her i kring: Høgahaug (Øyno) Stegane (Frette) Øygardsfläta (Fläta) Saten (Vinje) og Nonshaug (Lauareid)
16. Dei brende ikkje bål på kvar gard, det ser helst ut for at det har vore ein bålplass i kvar grend. Grendene var også bedlag i gjestebod.
17. Bestemor mi snakka om bueld som dei brende for krøtera - Og eg trur ho sa at dei brende bueld på stølar og mjølkeplassar når det var bjørn i nærleiken
18. Det er helst born og ungdom som brenner bål.
19. Både kvinnfolk og mannfolk har vore med og brent bål

14141

21. Ymse lag har i den seinare tid teke til og skipa festlege samkomer jonsok og olsok med bål og tale og matservering m.v.

23. Bålet vert bygt av avfallsved utan noko plan eller viss form.

26. Her er så sikkeleg med ved at det aldri har kome på tale å kjöpa båtvyrke. Men eg har högrt at nede ved sjöen fekk dei av og til gamle båtar til balvyrke.

32. Det var om å gjera å ha störste bålet

33 - og bålet skulle helst brenna med stor loge -

34. Eg har inntrykk av at stöls-eld og bu-eld helst skulle ryka mykje - Difor fann dei gjerne mose i torv og på steinar og la oppå

37. Krötera lika godt röyken, sa dei

40. I gamal tid var det vanleg at ungdomen heldt ymis moro kring bålet - men utan noko matstell.

41. Eldre folk var helst heime

45. Dei hoppa gjennom logane og over det nedbrende bålet

46 og dei sprang gjennom röyken

49. I dag reknar folk bålbrenninga berre for ein gamal skikk.

50. Denne skikken har halde seg mykje godt ubrigda i manns minne.

51. Eg har inntrykk av at bålbrenninga har auka, serleg av den grunn at far og mor saman med mindreårige born ikkje så sjeldan brenner jonsokbål nær heimen. Men dei störst borna og ungdomen vil helst samlast på dei gamle bålplassene.

14141